Teknisk funksjonsbeskrivelse Kapittel 1

ADMINISTRASJONSBYGG, VERKSTADBYGG OG CARPORT MOSKOG

SUNNFJORD MILJØVERK

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgiver:	Sunnfjord Miljøverk IKS
Tittel på rapport:	Teknisk funksjonsbeskrivelse Kapittel 1
Oppdragsnavn:	Avfallsanlegg Moskog - SUM
Oppdragsnummer:	652274-01
Utarbeidet av:	Per Sigve Selseng, Camilla Bartz-Johannessen , , Karoline Løken Meldahl, Stein Magnar Hansen, Gjermund Mo
Oppdragsleder:	Per Sigve Selseng
Tilgjengelighet:	Åpen

KORT SAMMENDRAG

Sunnfjord Miljøverk IKS skal bygga administrasjonsbygg, gjenvinningsstasjon, sorterings- og omlastingshall, verkstad, carport, lagerbygg med meir på Moskog. Denne kontrakten er totalentreprise for admbygg, verkstad og carport.

Admbygget er arkitektteknisk detaljert beskrive. Bygget skal ha ei rekke kontorarbeidsplassar, men også garderobar for utearbeidarar, treningsrom, kantine og eit større møterom for opplæring/forelesingar.

Carport og verkstad er ikkje detaljert på same måte. Her er det sett fokus på funksjonskrava.

Uteområdet ved dei tre bygga skal kun delvis opparbeidast. Det er sideentreprisen for resten av bygga på området som hovudsakleg skal bygga teknisk anlegg ute og som skal stå for langskapsarkitekturen.

Ver	Dato	Beskrivelse	Utarb. av	KS
01	20. nov. 2026	Nytt dokument	PSS	KB

INNLEIING

Denne funksjonsbeskrivinga er utarbeidd som grunnlag for totalentreprise etter NS 8407 og omfattar prosjektering, levering og utføring av nytt administrasjonsbygg, verkstad med vaskehall og lager og carport.

Kapittel 1 er generelle krav for heile totalentreprisa.

Dei tre bygga er første trinn i utbygging av nytt avfallsanlegg. Kvart bygg har sitt eige dokument med funksjonsbeskrivelse. Dette dokumentet er generelt og gjeld for heile kontrakten.

Administrasjonsbygget skal innehalde kontorarbeidsplassar, møte- og opphaldsareal, garderobar og andre naudsynte rom for den daglege drifta. Bygget skal byggast av tre, for godt arbeidsmiljø, med gode miljø-/klimaløysingar, lågt energi- og ressursforbruk, og til slutt enkle og kostnadseffektive driftsløysingar.

Verkstaden med vaskehall skal leggje til rette for vedlikehald, service og reinhald av køyretøy og maskinpark. I tillegg blir det lager for utstyr. For verkstaden er materialbruk, med unntak av golv på grunn, opp til leverandøren. Bestemmande for totalhøgda blir traverskranen, som skal ha minimum 6 m frihøgd frå krokane.

Carporten skal gi vêrskjerma oppstilling for renovasjonsbilane. Konstruksjonar og materialval skal vere robuste og eigna for eit krevjande driftsmiljø.

Det er eit overordna mål at dei samla bygga og anlegga framstår heilskapleg og funksjonelt, med høg kvalitet, låg livsløpskostnad og løysingar som støttar opp om ei sikker, effektiv og berekraftig drift

Funksjonsbeskrivinga definerer dei krav byggherren stiller til funksjon, kapasitet, kvalitet, miljø, berekraft, energi, drift og vedlikehald. Krava skal leggjast til grunn for totalentreprenøren si prosjektering og utføring. Der det ikkje er spesifisert konkrete løysingar, står entreprenøren fritt til å velje tekniske og bygningsmessige løysingar som oppfyller funksjonskrava og gjeldande lover, forskrifter og standardar.

Leikanger, 20.11.2026

Per Sigve Selseng	Kjell Bu med fleire
Oppdragsleder	Kvalitetssikrer

1 Generelt

Det er lagt opp til to entrepriser for bygging av SUMs komplette anlegg på Moskog:

1. E1 – Admbygg, verkstadbygg og carport
2. E2 – Alle andre bygg, alle andre uteområder med og utan teknisk infra, asfalt, grøntareal.

Grensesnittavklaring
Entreprisegrensa til denne jobben (E1) er vist i teikning TB008. Totalleverandøren har ansvar for bygg, anlegg og terrengutforming innanfor grensa.

Uteområdet avgrensar seg til vegar og plassar til og med bærelaget. I grunnlaget finst terrengmodell for uteområdet som skal leggast til grunn. Det er antatt underskot i massebalansen. Underskotet må leverandøren dekka inn på eigen hand, men det opplysast om at det opnast for at massar kan hentast innanfor grensa, men søraust for verkstadbygget.

Toppdekke skal som hovudregel leverast av sideentreprenør E2. For alle carportar og takoverbygg ved admbygget står leveransen av asfalten på E1.

Vass-/ avlaupsanlegg og kabelrøyr for bygga skal avsluttast ved entreprisegrensa slik at plassering blir ideell i forhold til den overordna planen for VAO (teikning HB001) og kraftforsyning.
Oljeavskillar skal takast med innanfor entreprisegrensa til E1.

I grensesnittavklaring for det elektrotrekniske er E1 er ansvarleg for følgjande:

- Prosjektering av kapittel
    - 400
    - 500
- Utførsle
- Bestillingar av nødvendig utstyr frå E2
- Røyrføringar fram til entreprisegrensa, +1 meter
- Trekking av stigekablar mellom fordelingar internt i bygga
- Koordinering mot E2
- Hovudtavle leverast av E2
- Inntaksrør frå entreprisegrense +1.5 meter, til inntakspunkt
- Inntrekk frå entreprisegrensa gjerast av av E1

E2 er ansvarleg for følgjande:

- Minimum 4 røyr frå elektroteknisk bygg til entrepisegrense, +1.5 meter
- Skøyt av røyr ved entreprisegrensa
- Dekking av grøft i skøytepunktet

- Tilførselskabel til byggfordelarar til entreprisegrense for denne entreprise, leverast lang nok for terminering i byggfordeler. Inntrekk frå entreprisegrensa gjerast av av E1
- Leveranse av fiberstamkablar til internett og brann, leverast lang nok for terminering i byggfordeler. Inntrekk frå entreprisegrensa gjerast av E1
- Det skal klargjerast og blåses fiber til E1, lang nok til at den rekk frem til rack i IKT-rom i 2.etasje i admbygget og pauserommet i verkstaden. Denne leverast ferdig terminert.

Det er viktig at det i E1 og E2 nyttast fullstendig kompatible system for brann, adgangskontroll og fjernstyring av portar. Derfor skal byggherren uten ekstra kostnad gjevast moglegheit til å velgja system blant leverandørens framlagte forslag. Dei framlagte forslaga må derfor vera vanlege nok til at eit av dei med sikkerheit er kompatible med eit av E2s framlagte forslag.

Leverandøren har ansvar for at sitt elektriske anlegget får selektivitet i det totale anlegget (E1+E2).

Utstyret som leverast skal vera av høg kvalitet og vera utskiftbart med like eller tilsvarande deler dei neste 20 år.

Vegar og plassar

Grunnarbeid for utomhusareal som vegar og plassar, må i likheit med byggegropene, ta høgde for ein del bearbeiding. Byggeplassen er grovplanert med universelt tverrfall. Flata er sprengt ned, og fjell antas å ligge nær dagen med liten overdekning av lausmassar. Terrengmodellen er laga som ein heilheitleg plan for både E1 og E2, og det vert derfor sett som krav at uteplass og vegareal skal byggast mot eksakt modellert overflate ekskl. asfalt.

«Levering og montering»

Det førekjem at beskrivelsesdokumenta skildrar bestillingar på ulike måtar. Som hovudregel skal alle arbeid og leveransar som er omtala i konkurransegrunnlaget takast med og utførast av totalentreprenøren, med mindre det er uttrykkeleg oppgitt at ansvaret ligg hos byggherren eller sideentreprenør. Totalentreprenøren skal levera komplette og funksjonsdyktige løysingar med alle naudsynte ytingar inkludert.

Byggherrens materialleveransar

Byggherre skaffar:

- Alt av laust utstyr som ikkje er beskrive særskilt i beskrivelsen
- Alt av manuelle brannsløkkingsapparat
- Frosting på glasvegger, unntak beskrive i admbyggbeskrivelsen

10 RIGG OG DRIFT

Etablering av byggeplass for eige kontraktsarbeid

- Entreprenøransvarsforsikring, forsikring av kontraktsarbeid
- Sikkerheitsstillelse og garanti
- Planlegging av kontraktsarbeidet
- Tilrigging av byggeplass
    - Omfattar også tilkomst frå rundkøyringa til byggeplassen
- Kontor for byggherrens representant (minimum to sitteplassar).

Drift av byggeplass for eige kontraktsarbeid

- Administrasjon og detaljert drift
    - Framdriftsplanlegging med revidert plan minimum per mnd
    - HMS-plan og oppfølging med fortløpande rapportering
    - Miljø-plan og oppfølging med fortløpande rapportering
    - Kvalitetsplan og oppfølging med fortløpande rapportering
    - Oppdatert riggplan
    - Deltaking i byggemøter
    - Stikningsarbeid, utsetting
    - Koordinering mot sideentreprise E2, inkludert eigne møter
    - Koordinator for prosjekteringsfasen (KP) dersom det blir meir enn ein aktør

- Detaljert drift av byggeplass, adkomst og installasjonar for sideentreprenør og byggherrens prosjektorganisasjon
    - Naudsynte mellombelse installasjonar, slik som byggestraum, vatn, avlaup, pauserom og støttekonstruksjonar
    - Lokale for byggemøter med plass til 3 byggherrerepresentantar i tillegg til leverandørens personell
    - Sikring mot vêr og klima og kostnader med vinterarbeid, som oppvarming, tildekking, tining, snørydding, frostsikring
- Opprydding og tilbakeføring av riggområde

Byggherren skal gis tilgang til å delta i prosjekteringsmøter.

Teikning, modell, framdriftsplanlegging, avklaringar, endringsarbeid, og dokumentasjon av HMS, miljø og teknisk kvalitet skal haldast fortløpande oppdatert på byggherrens prosjektplass

Entreprenøren skal halde HMS-og miljøplanen oppdatert gjennom heile byggeperioden, gjennomføre vernerundar og annan HMS-og miljøoppfølging, og sende rapport til byggjeleiar kvar 14. dag.

Krav til rein, tørr og ryddig byggjeproduksjon skal følgjast i samsvar med Byggforsk 501.107. Dette omfattar nødvendig reinhald, rydding og tiltak for å unngå fukt og skadar på materialar og installasjonar.

Alle kostnader knytte til avfallshandtering skal vere medrekna.

Entreprenøren skal sørgje for:

- Avfallsplan
- Sortering av avfall etter gjeldande regelverk
- Levering til godkjend mottak
- Naudsynt dokumentasjon og rapportering etter gjeldande krav

Avvikling av byggeplass for eige kontraktsarbeid

- Nedrigging
    - Byggreingjering: Fullstendig nedvask på alle innvendige overflater, faste installasjonar og vindauger innvendig og utvendig
    - Dersom valt golvprodukt krev- eller tilrår boning eller anna overflatebehandling, skal dette vere med
    - Testing og kontroll av teknisk anlegg
    - Opplæring av byggherren
- Avsluttande dokumentasjon
    - Entreprenøren skal levere digital FDV-dokumentasjon fortløpande for kontroll, og komplett digital dokumentasjon skal leverast innan avtalt frist ved avslutta arbeid.
        - FDV-dokumentasjon
        - Som bygd-teikningar
        - Bruksrettleiingar for alt materiell
        - Utfyllande driftsinstruks for alle tekniske anlegg
        - Produktdatablad og brosjyrar
        - Anna relevant dokumentasjon for installerte produkt og komponentar

11 PROSJEKTORGANISASJON

Oppdragsgivers organisasjon

Oppdragsgiver (PL):	Kjell Bu (SUM)
Prosjekteringsgruppe	Asplan Viak
SHA-koordinator	Per Sigve Selseng
Byggherreombud	Per Sigve Selseng

12 OFFENTLIGE VILKÅR OG SAKSBEHANDLING

Arbeidene som inngår i prosjektet, er underlagt søknadsplikt. Det forutsettes derfor at TE og underleverandører har nødvendige godkjenninger for de ansvarsområdene de skal ivareta.

Rammesøknad er planlagt sendt inn i god tid med forventning om at denne blir godkjent før prosjektets planlagte oppstart i mai 2027.

Kostnader forbundet med søknadsprosessen frem til godkjent rammetillatelse skal ikke inkluderes i entreprenørens tilbud. Tilbudet skal likevel omfatte alt nødvendig søknads- og dokumentasjonsarbeid som kreves frem mot midlertidig brukstillatelse og ferdigattest.

Leverandøren har ansvaret for at førehandsgodkjenning frå Arbeidstilsynet for alle tre bygga ligg føre ved søknad om igangsetting.

asplan viak